



Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Vår dato: 26.09.2012

Vår ref: 2012/2270 - 14674/2012 / 243

Dykkar ref:

Hestesportsenter på Stord - kommunal tilråding

Stord kommune er kjend med Stord Hestesportsenter sine planar om å byggja opp eit nytt og flott hestesportanlegg i nordre delen av kommunen. Det vil mellom anna innehalda stall, garderobar, klubbhus, lager, ridestig og utandørs ridebane med lys.

Me ser anlegget som ein særskilt positiv tilvekst på anleggssektoren i kommunen. Riding tiltrekkjer seg først og fremst jenter og gjerne i ein alder der fråfallet frå organisert idrett er stort. Å få eit samla miljø med eit breitt tilbod vil kunne vera med å hindra fråfallet. Samstundes vil det kunne gje dei som ikkje har eigen hest høve til å prøva idretten/aktiviteten. Anlegget er prosjektert etter krava om universell utforming så det skal kunne nyttast av alle - grupper med nedsett funksjonsevne kan og få delta her.

Eit slikt anlegg for hestesport er med i kommunal plan for idrett og friluftsliv og i alt 7 søknader om spelemidlar vart sendt inn ved tildelinga 2012. Anlegget er og med i den nyleg vedtekte kommuneplanen i Stord kommune.

Stord kommune synest planane er spanande og vonar dei snarleg vert realiserte.

Med helsing



Magnus Mjør
Rådmann



Sylve Rusten
Sakshandsamar idrett/friluftsliv

Utviklingsgruppa

Postboks 304
5402 Stord

Rådhuset
post@stord.kommune.no

Telefon
53 49 69 31

Telefaks
53 49 66 01